

Elin H. Fanebust
Lindåsvegen 2088
5955 Lindås

Våge, 04.10.2019

Lindås kommune, byggesak
Tone Margrethe Berland Furustøl

Sak 19/2565 – 19/28315

Gjeld: Eikevik si tilbakemelding til LK i etterkant av hans store, ikkje omsøkte terrenginngrep i det gamle kulturlandskapet på Våge. Eg er heilt nøydd å få kommentere, sidan Eikevik prøver å dra fokus vekk frå kva saka eigentleg gjeld. (Så no er vi oppe i 40 brev!)
Sidan Eikevik har brakt inn fleire sidespor, må desse berre kort kommenterast.

Mange brev frå meg

For å forklare kvifor det har vore *heilt* nødvendig å skrive alle brev ein har måtta gjort, legg eg ved eit orienterande brev sendt Nord- og Midthordland Jordskrifterett 01.08.2019, viser særleg til avsnittet som omhandlar Eikevik sin gjennomført respektlause/lovause profil på Våge. Som det framgår har breva frå meg - forutan ordinære uttalar og kommentarar – måtta omfatte både tjuveri, sjølvtekter, truslar, grenseflytting og ulovege tiltak på annan manns (min)grunn. I tillegg har det gjennomgåande vore mykje uriktig «informasjon», inkludert uetterrettelegheiter, i sakspapir frå både Harris, Eikevik og Fanagro – noko ein har måtta bruke mykje tid og brevskrivning på å få korrigert. Har vore stor belastning og har medgått *altfor* mykje tid.

Eg har *aldri* klaga urettmessig, eller for å trenere. Alle uttalar og kommentarar har vore rettmessige og påkravde, innafor lovlege fristar og innafor dei rettar loven set. Min motivasjon i denne saka har åleine vore dette: å unngå tiltak som vil vere skadeleg for min eigedom, og å ivareta det aller mest sårbare kulturlandskapet i Våge-tunet. Dette kulturlandskapet er *heilt vesentleg* også for 99/1, for det utgjer historien og identiteten i det gardstunet 99/1 er ein halvdel av.

Truslar frå far under synfaring

Eigar (J.E.) var ikkje tilstades under synfaring, dei som møtte var Alf Eikevik og far. Far spelte ei aktiv rolle, m.a. trua han underteikna med advokatutgifter i millionklassen, trua også med muleg sal av 99/4 til utbyggjar om A.E. ikkje lukkast med sin plan på Våge. Dette må tolkast som forsøk på å skremme. Far uttrykte også at det var uvesentleg om det var Judith Eikevik eller Eikevik basseng A/S som stod for det økonomiske. Men det *er* det ikkje.

Vi *veit* at Eikevik basseng A/S er eigar av entreprenørmaskinene som står oppstilt innafor grensa i 99/4 sitt tun. For 99/1 er det av stor betydning å vite om det er eit A/S med økonomiske musklar som står bak og styrer tiltak. I kraft av sin økonomi vil det i så fall vere *dette* aksjeselskapet som styrer aktiviteten på gardsbruket. **Dette er ikkje forenleg med loven, eller konsesjonen på 99/4. Ein konsesjon skal vere direkte knytt opp mot inntekt frå stadbunden næring.**

A.E. trekkjer inn tidlegare ordførar

A.E. antyder at Astrid Aarhus Byrknes (tidlegare ordførar) går god for seg, meiner også at Lindås kommune sine sakshandsamarar nærmast har gitt løfter som legg føringar for utfallet av saka. Underteikna trur at både ordførar og dei kommunale sakshandsamarar har ein sterkare integritet enn som så, og at ingen av dei kan takast til støtte for hans ulovlege graving utan løyve, som saka gjeld.

Skyting for å drenere

A.E. planlegg å skyte for å drenere til kjøkkenhage, hevdar det er oppkomer i området. Det *er* oppkomer på Våge, men det er *ingen* synlege oppkomer i det avgravde området der A.E. har planlagt skyting for å drenere til kjøkkenhage.

Planlagt solding av jord før tilbakeføring

Inni det kjempemessige berget av jord som A.E. no har lagra opp i tunet på 99/4, befinn det seg ca 2 lass jord tilhørende 99/1. Dette er jord som A.E. grov ulovleg over til 99/4 ved sjølvtekt i fjor haust, frå eit område omfatta av «Kulturminnefagleg fråsegn» av 1.10.2018. Denne jorda har arkeologisk verdi for 99/1, noko Eikevik er kjent med, utan at han har vore villig til å tilbakeføre. Det er svært sannsynleg at det også i resten av jorda (jordberget) på 99/4 vil skjule seg spor frå dei same busetnader som har lagt spor etter seg inne på 99/1, berre nokre få meter frå der funn er gjort. Ei solding av jorda bør involvere fagfolk frå Hordaland fylke på ein eller annan måte. I etterkant av soldinga vil 99/1 stå på kravet om å få tilbake same mengde jord frå 99/4 som A.E. tok i fjor haust.

Vegavtale

Alf og Judith Eikevik kunne forlengst hatt ferdig veg til Våge, om dei hadde godtatt 99/1 sitt framlegg til vegavtale, lagt fram for eitpar år sidan. Denne avtalen inneber ein framtidsretta, økonomisk gunstig og vesentleg kortare trase til 99/4 sitt planlagde nye tun. Avtalen var ei bearbeiding av eit framlegg frå Harris/Eikevik - eit utkast som det var heilt uråd å signere, då dette inneheld både usaklege betingelsar og betingelsar som ville tatt frå meg grunnleggjande rettar som grunneigar.

Saka har tatt tid

At byggesaka har tatt tid skuldast i svært stor grad at Eikevik ikkje føl dei lovar og reglar som gjeld, med den naturlege konsekvens at han vert stoppa.

A.E. trekkjer inn rammeløyve som moment

Rammeløyve gjev ingen rett til å igangsetje, då det skal søkjast og gjevast *igangsetjingsløyve* for kvart einskild tiltak, også innafor eit godkjend rammeløyve.

Som entreprenør og tiltakshavar skulle Eikevik vite dette. Han framstår direkte uansvarleg og uskikka når han bryt desse velkjende lovar og prosedyrar. Det finst ingen bortforklaringar, slik Eikevik prøver seg på.

Og dette er **andre** gongen det same skjer – med same tiltakshavar, og i same landskap.

KONKLUSJON: Det ulovlege gravetiltaket i 2019 må sjåast i samanheng med det ulovlege og ikkje tilbakeførte gravetiltaket i 2014.

Kommunen har i begge sakene vorte frårøva mulegheita til å ta ei stilling ut frå korleis det gamle kulturlandskapet *verkeleg* har sett ut på Våge, særtekkja er alt forlengst viska ut når sakene vert annelde og kommunen kjem på synfaring. Slik framgangsmåte må vere **skjerpande**, ikkje formildande. Og slik framgangsmåte **må** få konsekvens, særleg når det vert gjort for 2.gong og i same sensitive område.

Det må også vere skjerpande at A.E. aldri hadde tenkt at Lindås kommune skulle kjenne til nokon av desse grave- og skytetiltaka. Det har vore svært tungt og belastande å vere den som heile vegen har måtta melde frå om alt ureglementært som her har skjedd.

Eg ber kommunen om å ta stilling til det denne saka verkeleg gjeld:

Lovlegheita av A.E. si massive avgraving og planlagde nedskyting i tunet på Våge, sett i lys av konsesjonen og i lys av tidlegare ulovleg tiltak som enno ikkje er tilbakeført.

Med vennleg helsing
Elin H. Fanebust

